

## Referat etter møte 1/15 i Fagleg Rådgevande Utval for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

Tid: 30.09.15 kl 14.30 – 17.30

Stad: Thon Hotell Jølster, Skei

### Frammøte:

Tore Humstad, Nordfjord folkehøgskule  
Ole Gimmedstad, grunneigar Gloppen  
Atle Fimland, Førdefjella villreinutval  
Kjell Arne Hjellbrekke, Indre Sunnfjord turlag  
Inge Erikstad, grunneigar Jølster  
Erik Solheim, Naturvernforbundet  
Håkon Myrvang, leiar verneområdestyret  
Rune Holen, naturøppsyn  
Alf Erik Røyrvik, verneområdeforvaltar (referent)

### Forfall:

Nils Magne Gjengedal, grunneigar Hyen  
Svein Egil Svorstøl, grunneigar Naustdal  
Lars Indrebø, grunneigar Førde  
*representant*, Reisemål Stryn & Nordfjord  
Julie Aaland, Sunnfjord Næringsutvikling

---

### Saker:

#### 1. Opning

Styreleiar Håkon Myrvang opna møtet, ynskte velkommen og heldt ei kort innleiing.  
Vi tok ei kortpresentasjonsrunde rundt bordet.

#### 2. Informasjon om kva Fagleg Rådgevande utval er og kva rolle det har

Verneområdeforvaltar Alf Erik Røyrvik informerte kort om verneområdet, verneføremål, forvaltning og om kva rolla til Fagleg Rådgevande utval er.

#### 3. Konstituering

Utvalet vart konstituert for perioden 2015 – 2019:  
Leiar: Nils Magne Gjengedal  
Nestleiar: Kjell Arne Hjellbrekke  
Desse rollene kan rullerast i perioden ved behov.  
Verneområdeforvaltar Alf Erik Røyrvik er sekretær for utvalet.

Utvalet bestemte at ein framleis skal ha 1-2 møter i året. Eit møte på hausten før verneområdestyret set opp bestillingsdialogen, og eit på våren når der er viktige saker som bør diskuteras i utvalet.  
Utvalet kan og ha møte utanom dette, dersom medlemmene ynskjer det.

Møta skal framleis leggest til Skei. Møtetidspunkt 13.30 – 16.30.

#### 4. Forvaltning i 2015

Verneområdeforvaltaren gjekk gjennom saker og forvaltning til no i 2015.

#### 5. Tiltak 2015

Verneområdeforvaltaren gjorde greie for dei tiltaka som er gjennomført til no i 2015, og dei som er planlagt gjennomført før årsskifte. Det vart og delt ut ei oversikt over korleis midlane har blitt prioritert i 2015.

#### 6. Tiltak 2016. Forvaltninga sine tankar og innspel frå utvalet

Verneområdeforvaltaren la fram oppdatert tiltaksplan for verneområdet. Der står det kva tiltak som er aktuelle å satse på i 2016 og åra framover. Her er tiltak føreslått av forvaltninga, grunneigarar og brukarar, samt fleirårige tiltak som har stått på tiltaksplanen fram til no.

##### Innspel frå utvalet:

- Utvalet hadde ein prinsipiell diskusjon kring kor naudsynt det er med tilrettelegging, og kor det skal leggst til rette. Fleire i utvalet meinte at ein ikkje kunne legge til rette over alt, og særleg ikkje høgt i fjellet der landskapet er opent og inngrep er meir synlege. Naturvernforbundet meiner at tilrettelegging av stiar bør avgrensast til stiar og vegar inn til støylar og liknande. Og at områda som ligg innanfor/ovanfor støylane i utgangspunktet bør skånast for tilrettelegging.
- Det var semje i utvalet om at verneområdestyret bør gjere ei prinsipiell vurdering på kor det kan/bør leggst til rette for ferdsel og kor ein ikkje skal gjere det.
- Nordfjord folkehøgskule var veldig positive til tilrettelegging av stien innover mot Byrkjeneset.
- Grunneigarane i Gjengedalen vil gjerne ha vølt opp råsa gjennom Urabakkane. Her er det utfordrande å drive beitedyr forbi i dag.
- Utvalet var positive til tiltak som gjekk ut på å sikre og oppretthalde kulturlandskapet.
- Verneområdestyret bør sette av pengar til produksjon av trekloppar. Lageret er tomt.

#### 7. Innspel frå utvalet til verneområdestyret.

- Det har vore døme på at motorferdsel har vore gjennomført (kanskje særleg helikopterlanding) utan at alle grunneigarar har gjeve samtykke. Særleg utfordrande er nok dette på grunn der det er sameige.
  - Kan verneområdeforvaltninga krevje at grunneigarløyve er på plass før dei gjev sine løyver?
  - Har ein heimel til å krevje det?
  - Bør det vere forvaltninga si oppgåve?

Verneområdeforvaltaren skal sjekke opp i desse spørsmåla. Problemstillinga bør leggst fram for styret.

- Stisykling og anna sykling i utmark er ein aktivitet som er aukande i omfang og popularitet. Per i dag er det lite utbredt i Naustdal-Gjengedal, men det kan kome. Stisykling er ikkje omtala i verken verneforskrift eller i framlegg til forvaltningsplan. Forvaltninga bør vurdere å utarbeide retningslinjer for denne aktiviteten.

#### 8. Eventuelt

Ole Gimmestad synte bilete og fortalte om bygging av «Naturhus» i Langedalen.